



HARDANGER UNGDOMSTING
Torsdag 05.02.2015
Klokka: 09.00 – 14.00
Meieriet kulturhus i Odda



Hardanger Ungdomsting er komen for å bli. Til Odda kom det 42 ungdommar frå heile Hardanger og ordførarane stilte mannsterke. Dagleg leiar i Hardangerrådet, Leiv Vambheim var møteleiar og innleia om arbeid med og for Hardanger. Det var etter at me hadde høyrte opptak frå morgensendinga i NRK radio Hordaland, der Sindre Vik ,nestleiar frå Granvin herad vart intervjuet på bussen på veg til Odda, og varaordførar Elisabeth W. Hauge ønska alle velkomen til Odda. Bli kjent var eit hovudformål denne dagen, å bygga nettverk. Til dette hadde me utvalgte aktivitetar som Katrine Garen og Cecilie Øydvinn leia saman med Ingvild Winters frå Ulvik herad. Agnes Berens kom frå Ungdommens fylkesutvalg, ho var imponert av både engasjement og at så mange kom på Hardanger Ungdomsting. Kommunestruktur vart innleia av koordinatør Bjørnar Dagstad. (Presentasjonen er vedlegg.) Ordførarane stilte som panel og fekk mange interessante og direkte spørsmål frå ungdommane, som sjølv sagt lurar på kva dette vil ha å seie for framtida til ungdommen i Hardanger. Spørsmål frå salen var til dømes:

- Kva er forskjellane mellom den nye storkommune og i dag?
- Skulen, ungdomskulen kva vil skje med dei ulike skulane?
- Vert det ein ungdomskule i ein ny kommune?
- Tenker ein at nære tenester vert sentralisert?
- Vert kommunane fattigare, når dei endrer økonomien for små kommunar
- Vert ressursane oppretthalde i begge alternativa, Nord og Sør, for Ullensvang herad?
- Kva skjer med tenester dersom ein vert slått saman med Voss kommune, blir ungdomskulane flytta frå Hardanger til Voss?
- Er det fortsatt snakk om ein stor Hardangerkommune?

"Stemmerett for 16 åringar?" vart også drøfta etter innleiing ved Toralv Mikkelsen. Ungdommen på tinget er delte i synet om ja eller nei, og dei hadde mange gode argument både for og imot.

Takk til alle for ein strålende dag! Referent Trude L. Rinaldo

